



# Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 18/2080 - 18/12589

Saksbehandlar:  
Andreas Granli  
Andreas.Granli@radoy.kommune.no

Dato:  
30.08.2018

## Landbrukssak Gbnr 142/7 Sætre - Utsiktsrydding - Uttale og oversending av søknad

Jakob Sæthre ynskjer å fjerna gamle leplantingar på sin eigedom, gbnr 142/7, i Austrheim kommune. Arealet ligg opp til sentrum i kommunen og det er mykje turgåarar i området. Leplantingane ligg spredt på åtte område på eigdommen Alle leplantingane ligg i kulturlandsmapet, mellom og opp til dyrkamark. Produksjonen på dei aktuelle areala vert redusert grunna attgroing, noko som påvirkar kulturlandskapet negativt. Rydding vil opne landskapet for folk samt auke avlingane på slåttemark.

Søkar har innhenta pris frå skogsentreprenør Lerøy skog AS. Det er lagt til grunn at tømmeret skal seljast til industrien, denne inntekta vil dekke om lag 25 % av kostnadane. Da største delen av plantingane ligg i kanten av slåttemark, vert det lite rasjonelt å beite arealet. Gevinsten kjem gjennom auka slåtteareal og produksjon, eigar har forplikta seg til å fjerna dei skota som eventuelt kjem opp i ettertid.

Tiltaket vil opne kulturlandskapet og gjje betre utsikt frå fleire hold. Arealet vert meor attraktivt for grasproduksjon, som og fører til at arealet vert haldt i hevd. Det er positivt for både lokal turisme og anna turisme at kulturlandskapet vert rydda og opna opp, vidare vil landbruket få nytte av betre slåtteareal. Austrheim kommune ser positivt på at området vert rydda, da dette ikkje er produksjonsskog og vegetasjonen rundt fungerer godt nok som le. Landbrukskontoret anbefalar at tiltaket vert støttet med tilskotsmidlar for utsiktsrydding.

Med helsing

Andreas Granli  
rådgjevar landbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Landbrukssak Gbnr 142/7 Sætre - Søknad om tilskot til utsiktsrydding i tilknytning til landbruket sitt kulturlandskap

**Kopi til:**

Austrheim kommune	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM
-------------------	--------------	------	-----------

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
--------------------------	---------------	------	--------